



SELJE KOMMUNE

Planutvalet

Møtebok

Møtedato: 22.06.2016

Møtetid: Kl. 10:30 – 18:15

Møtested: Stadlandet grendahus

Saksnr.: 001/16 - 001/16

Følgjande medlemmer møtte

KRF: Stein Robert Osdal (ordfører). TP: Jan Vidar Smenes, Judith Kvåle,
SP: Gunn Sande. RFP: Marita Aarvik.

Følgjande medlemmer møtte ikkje

H: Geir Årvik. Melding om forfall var gjeve
AP: Åge Lundebrekke. Melding om forfall vart gjeve etter møtestart.

Følgjande varamedlemmer møtte

FRP: Anfinn Sjøstad (H,FRP,SP)
TP: Terje Ødegård (KRF,TP,AP)

Følgjande frå administrasjonen møtte

**Økonomisjef Geir Kvisten, rådmann Ørnulf Lillestøl. Prosjektleder Reidar Sandviknes.
Plan og utvikling v/leder Kristian Nave, Gry O. Leikanger, Anja Midttun.
Rådgjevar Svein Barmen
Prosjektleder førte møteboka.**

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

7 voterande

Orientering

Nordplan v/Heidi Hansen orienterte om planen.

Utdelt i møtet

Brev/klage frå grunneigarane på Berstad, dat. 12.04.16.

Notat frå administrasjonen v/prosjektleder Reidar Sandviknes, dat. 22.06.16 - Oppsummering vedk. val av næringsområde/masseplassering Moldefjorden.

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
001/16	Kommuneplan 2016-2028 - Arealdel

Tilleggsaker: Ingen

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Planutvalet	22.06.2016	001/16

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Reidar Sandviknes	FE-140	14/427

Kommuneplan 2016-2028 - Arealdel

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	24.09.2014	Isak Stave	Innspel kommuneplan - arealdel
2	I	07.10.2014	Atle Hustad	Innspel kommuneplan - arealdel
4	I	02.12.2014	Reidar Sandviknes	Vedlegg
10	I	15.12.2014	Per Apelsest	Innspel kommuneplan - arealdel
5	U	16.12.2014	jfr. adresseliste Til mottakarar	Varsel om oppstart og høyring av planprogram for kommuneplan- ny arealdel.
9	I	19.01.2015	Jan Otneim	Innspel kommuneplan - arealdel
6	I	25.01.2015	Terje Vartdal	Innspel kommuneplan - arealdel
7	I	27.01.2015	NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat	Innspel kommuneplan - arealdel
8	U	30.01.2015	Abbedisse Thavoria	Innspel til planprogram for arealdel
11	I	09.02.2015	Kystverket Vest	Innspel kommuneplan - arealdel
12	I	10.02.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Fråsegn til føreslege planprogram for arealdelen til kommuneplanen - 2015-2027
13	I	20.02.2015	Norunn og Ingmar Solvåg	Innspel kommuneplan - arealdel
14	I	23.02.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Innspel kommuneplan - arealdel
16	I	19.03.2015	Fiskeridirektoratet Region Vest v/Hanne Marie Utvær	Innspel til kommuneplan - arealdel
17	I	08.04.2015	Reidar Sandviknes	Vedlegg - Revidert planprogram
18	U	17.04.2015	Rådmann	Kommuneplan - Arealdel - Framdrift
19	I	27.04.2015	Rådmann Ørnulf Lillestøl	Kommuneplan - Arealdel - Framdrift
20	I	08.05.2015	Selje FRP v/gruppeleiar Svein Hansen	Planarbeid i høve til Stad skipstunnel - Sikre areal
21	U	03.06.2015	Tilbydarar	Innhenting av tilbod - konsulenthjelp til kommuneplan- arealdel
22	I	12.06.2015	Nordplan AS	Tilbod - Konsulenthjelp til

34	I	15.06.2015	Stein Jørund Amdam	kommuneplan arealdel
23	I	16.06.2015	Norconsult AS	Innspel kommuneplan - arealdel Tilbud - Konsulenthjelp til kommuneplan arealdel
24	I	17.06.2015	Råd.ing. Per Mulvik AS	Tilbud - Konsulenthjelp til kommuneplan arealdel
26	I	17.06.2015	Eid Kommune v/ Cecilie Marie Åshamar	Eid kommune - Kommuneplanen sin arealdel 2015-2027 - Melding om vedtak - Del 2 - b
25	I	19.06.2015	Eid Kommune V/ Cecilie Marie Åshamar	Eid kommune - Kommuneplanen sin arealdel 2015-2027 - Melding om vedtak - Del 1
27	I	23.06.2015	Kariann og Håvar Fagerli	Innspel kommuneplan - arealdel
29	I	24.06.2015	Irene Hovden og Terje Haugen	Innspel kommuneplan - arealdel
28	I	25.06.2015	Svein Barmen	Protokoll tilbudsopning
30	I	26.06.2015	Rune Hovden / Hovden Senior	Innspel kommuneplan - arealdel
37	U	01.07.2015	Tilbydarane	Protokoll 01.07.15 - Konsulenthjelp til kommuneplan arealdel
32	I	06.07.2015	Reidar Nordpoll m/fl.	Innspel kommuneplan - arealdel
31	I	06.07.2015	Reidar Nordpoll	Innspel kommuneplan - arealdel
33	I	09.07.2015	Olav Lesto	Innspel kommuneplan - arealdel
35	I	13.07.2015	Lidvar Barmenes	Innspel kommuneplan - arealdel
36	I	16.07.2015	Grim Austring	Innspel kommuneplan - arealdel
40	U	05.08.2015	Norconsult AS	Skjema for poengfordeling - konsulenthjelp arealdel
39	I	05.08.2015	Norconsult AS	Protokoll tilbudsopning
38	I	05.08.2015	Nordplan	Tilbud om innsynsversjon
41	I	11.08.2015	Svein Hansen	Innspel kommuneplan - arealdel
42	I	21.08.2015	Kvernevik AS	Innspel kommuneplan - arealdel
43	I	28.08.2015	Selje FRP	Merknad i høve plan og planarbeid
45	U	03.09.2015	Nordplan AS	Oversending av signert kontrakt om rådgivningsoppdrag - Selje kommune
44	I	03.09.2015	Ørnulf Lillestøl	Kontrakt om rådgivningsoppdrag
46	I	17.09.2015	Else og Per Ove Våge	Innspel kommuneplan - arealdel
47	I	15.12.2015	Anders Lien	Innspel kommuneplan - arealdel
48	I	15.01.2016	Åge Myklebost	Innspel kommuneplan - arealdel
49	I	27.01.2016	Advokat Klaus Iversen AS for Liv og Isak Stave	Innspel kommuneplan - arealdel
50	U	18.02.2016	ADRESSELISTE	MØTE I PLANUTVALET 25.02.2016
51	I	23.02.2016	Selje Næringspark AS	Industriområdet på Reset i Selje
52	U	26.02.2016	Frammøtte	Referat frå møte i Planutvalet 25.02.2016
54	U	29.02.2016	Administrasjonen sitt framlegg	Prioritert liste over innspel knytt til bruk av tunnelmasse frå Stad skipstunnel
53	I	29.02.2016	Adv. Klaus Iversen AS for Sotragruppen AS	Innspel kommuneplan - Arealdele
55	I	01.03.2016	Pelagia AS	Innspel kommuneplan - arealdel
56	I	09.03.2016	Sverre Hoddevik m.fl.	Innspel kommuneplan - arealdel
60	I	06.06.2016	Heidi Hansen	Arealdele 2016-2028 - KU-rapport

				Kommuneplanen
59	I	08.06.2016	Heidi Hansen	Arealdel 2016-2028 - Føresegner
58	I	10.06.2016	Heidi Hansen	Arealdel 2016-2028 - Plankart
61	I	15.06.2016	Reidar Sandviknes	Arealdell 2016-2028 - Planomtale
62	I	17.06.2016	Jan Vidar Smenes	Prioritert rekkefølge for masseplassering i KS 31.03.16
63	I	21.06.2016	Anders Lien	VS: Industriområdet på Reset i Selje.

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.06.2016	Planomtale arealdel 2016-2028.pdf	77426
15.06.2016	Selje kommune, KU-utgreiing, 06.06.2016.pdf	77416
15.06.2016	Føresegner, 08.06.2016.pdf	77414
15.06.2016	03_Utsnitt Flatraket_1_5000_A1_10.06.16.pdf	77408
15.06.2016	04_Utsnitt Selje_1_5 000_A1_10.06.16.pdf	77409
15.06.2016	01_Selje kommune_1_20 000_A0_10.06.16.pdf	77410
15.06.2016	02_Selje kommune_1_20 000_A0_10.06.16.pdf	77411
15.06.2016	05_Utsnitt Leikanger_1_5 000_A1_10.06.16.pdf	77412

Saka gjeld

Forslag til kommuneplanen sin arealdel 2016-2028.

Opplysningar til saka

Revisjon av kommuneplanen sin arealdel vart fastsett i Overordna planstrategi 2012-2016 i kommunestyresak 083/12.

Samfunnsdelen vart vedteken 15.04.2015 i K-sak 23/15.

Planprogrammet for arealdelen vart vedteke 15.04.2015 i K-sak 22/15.

Kommuneplanen sin arealdel er den overordna planen for arealdisponering i Selje kommune. Arealdelen skal vere tett knytt opp til kommuneplanen sin samfunnsdel, som legg føringar for framtidig samfunnsutvikling i Selje kommune.

Kommuneplanen sin arealdel skal bestå av planomtale, plankart og føresegner. I tillegg kjem vedlegg som til dømes konsekvensutgreiing (ROS) og strandsonevurdering.

Prosess

Kommuneplanen sin arealdel er gjennomført som eit prosjektarbeid der ein har vidareført strukturen fastsett i F-sak 89/13 med vedtaksdato 25.09.2013. Det har vore ein del utskiftingar på grunn av endringar i den administrative staben og plangruppa har sidan hausten 2015 hatt slik samansetnad:

Reidar Sandviknes, prosjektleiar

Kristian Nave, tenesteleiar v/ Plan og utvikling.

Anja Midttun, oppmålingsingeniør/geolog v/ Plan og utvikling.

Gry Otneim Leikanger planleggar/sakshandsamar v/ Plan og utvikling

Planutvalet (formannskapet) har vore styringsgruppe og rådmannen prosjektansvarleg.

På grunn av ressursmangel, har Selje kommune leigd ekstern plankompetanse til arbeidet med konsekvensutgreiing (KU), risiko og sårbarheitsanalyse (ROS), plankart og føreseger. Nordplan AS v/prosjektleder Heidi Hnasen har hatt dette oppdraget. Selje kommune v/ plangruppa har bistått Nordplan tett i arbeidet.

Planarbeidet er etter fastsett framdriftsplan (Planprogram s. 13), svært forseinka. Det vart meir arbeidskrevjande enn ein hadde rekna med å handsame innspel knytt til bruk av masse frå Stad skipstunnel. Arealdel til kommuneplan får difor endra tidshorisont til 2016-2028.

Medverknad

Varsel om oppstart av planarbeid og høyringsforslag vart kunngjort i lokalavisa Fjordenes Tidende og på kommunen si nettside.

I samband med samfunnsdelen vart det gjennomført folkemøter på fylgjande plassar: Flatraket, Barmen, Moldestad, Selje, Årsheim, Leikanger, Hoddevik og Ervik. På desse møta var det opna for innspel også for kommande arealdel. Etter vedtak om planprogram våren 2015, vart det arrangert nye folkemøter på Flatraket, Selje, Leikanger og i Ervik. I tillegg har kommunen motteke innspel på epost, post og ved direkte frammøte .

Til saman har kommunen fått inn ca 350 innspel/arealforslag. Ein del av innspela omhandla tema som ikkje har direkte innverknad på arealdisponering. Kommunen gjennomførte først ein grovsiling, der ein la vekt på at innspelet må vere konkret knytta til arealbehov. 274 innspel gjekk vidare konsekvensutgreiing.

Framtidig arealdisponering

Vi har forsøkt å lage eit forslag til ny arealdel som har ein klar binding til fokusområda i samfunnsdelen og vidareført fokusområda i planprogrammet. Innspela frå folkemøta og elles, har vore svært nyttige i arbeidet. Når det skal lagast arealplan, må vi og ta omsyn til statlege og regionale føringar og lovverk, som kan føre til at alle ikkje får oppfylgt sine ynskjer fullt ut.

Meir om fokusområder i vedlagt planomtale.

Stad skipstunnel

Kystverket har fått i oppdrag frå Samferdselsdepartementet å utarbeide forprosjekt, reguleringsplan og konsekvensutgreiing (KU) for Stad skipstunnel. Reguleringsplanen skal handsamast i kommunestyret tidleg i 2017.

Eit sentralt tema har vore korleis ein kan nytte massar frå skipstunnelen til å etablere nye byggeområde for ei framtidretta utvikling. Det er arealdelen som legg til rette for ny arealbruk basert på tunnelmassane og arbeidet med dette har då gått parallellt med reguleringsplanen til Kystverket. Arbeidet har vore relativt omfattande og arbeidskrevjande.

I K-sak 12716 vart det gjort vedtak om at fylgjande prosjekt vert ein del av innspela til kommuneplanen sin arealdel.

- 1.Leikanger, fleirbrukshamn.
- 2.Berstad, næring. Alternativ Lesto.
- 3.Prosjekt 4, Næringspark, industriområde Stokkevåg.
- 4.Moldefjorden, næringsområde fiskeindustrien.

5.Flatraket næringsområde

6.Selje, Krakereid – Hammersvik: Ny kai, hurtigbåtterminal.

Seinare har synnerigruppa komme fram til at pkt.2 skal endrast til eit område ved Hatlenes.

Kva vert lagt ut til høyring?

Planomtale:

Planomtalen skal skildre planen sitt formål, hoveddinnhald og verknader. Planomtalen skal sikre fornuftige og gode planvedtak for arealdisponering, der det vert teke omsyn til alle interesser når avgjerda skal takast.

Planomtalen gjev ei innføring i kva som ligg til grunn for det som står i plankartet, føresegnene og retningslinjene.

Plankart:

Etter Plan- og bygningslova § 11-5, skal kommunen ha eit arealplankart som syner samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk.

Kommuneplanen sin arealdel skal i arealplankartet syne hovudtrekka i arealdisponeringa og i føresegnene skal det kome tydeleg fram kva rammer og føresetnadar som gjeld for det einskilde området.

Plankartet er juridisk bindande og legg føringar for korleis ulike område i kommunen kan nyttast. Plankartet skal syne inndelinga av område og hovudformål for desse. Omsynssoner er tatt inn i plankartet for å ivareta viktige omsyn ved endra arealbruk.

Strandsonevurderinga skildrar storleiken på strandsonearealet og skal mellom anna seie noko om status på bygningar i strandsona m.m.

Føresegner:

Føresegnene utgjer, saman med plankartet, den juridisk bindande delen av kommuneplanen sin arealdel. Dette inneber at Selje kommune gjennom arealdelen legg føringar for kva tiltak den enkelte kan gjere innanfor ulike område i kommunen.

Konsekvensutgreiing (ROS):

Arealdel til kommuneplan utløyser krav konsekvensutgreiing jf. Forskrift om konsekvensutredningar § 2, bokstav b. I samsvar med Pbl. § 4-1, er det utarbeidd konsekvensutgreiing der planen sine verknader for miljø og samfunn er skildra.

Konsekvensutgreiinga er utarbeidd etter Forskrift om konsekvensutredningar (22.12.2014) og byggjer på *Planprogram for kommuneplanen si arealdel 2015-2027*.

Det er utarbeidd ei enkel risiko- og sårbarheitsanalyse jf. Pbl. § 4-3 i samband med konsekvensutgreiinga. Ein har vurdert risiko for hendingar som snøskred, steinsprang, jordskred, flaumskred, kvikkleireskred, stormflo, auka støynivå, radon, ureining, Alle forslag til endra arealbruk er vurdert i forhold til risiko for uønska hendingar

Overordna ROS analyse for Selje, Eid og Vågsøy er lagt til grunn i arealdelen. I konsekvensutgreiinga er det gjort greie for metode ein har nytta og kvart enkelt tiltak er vurdert i ROS analyse. I dette kapittelet ser vi på andre lokale omsyn I tillegg til generell ROS analyse.

Lover/regelverk

Plan- og bygningslova med tilhøyrande føreskrifter

Sakshandsamar si vurdering

Nordplan har på vegne av Selje kommune utarbeidd eit forslag til arealdel til kommuneplan for perioden 2016-2028, i samsvar med Pbl. kap. 11. Planforslaget omfattar konsekvensutgreiing, plankart og føresegner og byggjer på vedteke planprogram. Selje kommune har sjølv utarbeidd forslag til planomtale.

Konklusjon

Med heimel i Plan- og bygningslova § 11-14, vert forslag til revidert arealdel lagt ut til offentleg ettersyn.

Saksgang

Planutvalet (Formannskapet) gjer vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Med heimel i Plan- og bygningslova § 11-14, vert forslag til revidert arealdel med planomtale, konsekvensutgreiing, plankart og føresegner lagt ut til offentleg ettersyn i tidsrommet 22.06. – 16.08.2016.

Handsaming i Planutvalet - 22.06.2016

7 voterande

Habilitet

Etter ordførar hadde sett møtet vart spørsmål om habilitet drøfta.

Rådmannen gjekk kort gjennom Fvl § 6. Partsbegrepet må i denne type saker tolkast snevert. Alle innbyggjarar vert berørt meir og mindre i denne type saker.

Rådmannen tilrådde at medlemmer i planutvalet som direkte vert berørt ved at dei har sendt inn innspel som grunneigarar eller er beslekta jmf fvl § 6 med grunneigarar som har særskilt interesse i saka så vert desse kjendt inhabil i den konkrete problemstillinga/arealet i planen.

Rådmannen vurderer at Jan Vidar Smenes kan vere inhabil i sak vedk Selje sentrum og næringsareal på Reset, Gunn Sande kan vere inhabil når det gjeld eige område på Leikanger, Marita Årvik når det gjeld areal i Årvik og Borgundvåg.

Ordførar presiserte at medlemmene i utvalet sjølv må ta initiativ til å reise spørsmål om inhabilitet som administrasjonen ikkje har sett eller det kjem opp nye spørsmål under drøftingane som vedkjem einskildmedlemmer jmf prinsippa over.

Dei omtala personane fråtrer også under votering av aktuelle punkt og evt endringsframlegg.

Merknad frå Rådmannen:

«Viser til KU s. 48, Lesto –Eide, næring/industri, kai og hurtigbåtanlegg. Dette har ved ein feil kome med i ny arealdel til kommuneplan og er ikkje eit av dei prosjekta som er knytt til bruk av masser frå Stad skipstunnel. Tiltaket vert difor teke ut av planforslaget.»

Vedlegg i saka:

Planomtale - PO

Konsekvensutgreiing - KU

Plankart - PK

Føresegner –FS

1.Framlegg frå Jan Vidar Smenes: KU s. 41 Berstad / Hatlenes

Da det kan synes å ha vært en uryddig prosess rundt plassering av industriområde på Berstad, ønsker eg at beggeforslag som er innsendt til Kystverket legges inn på arealplanen.

Dette for at det ikkje skal virke useriøst overfor Kystverket.

Så kan Kommunestyret velge hvilket prosjekt vi går for før høringsfrist går ut.

2.Framlegg frå SP: KU s. 39 Salt, næring og småbåthavn

Tiltaket tilrådest med i arealplana og leggest ut til høyring.

3.Framlegg frå FRP: KU s. 63 Storevika bustadområde (Kartutsnitt Selje)

Foreslår å utvide industriområdet på Reset til å omfatte B3

4.Framlegg frå FRP, TP: KU s. 66

Selje næringskai Nabbetangen. Utviding og forbedring av kaiområdet.

5. Framlegg frå SP: KU s. 71 Ersholmen - Kloster

Selje kommune legg ikkje ut Ersholmen til kloster.

Dersom kloster vert ein realitet vert eigna område å komme tilbake til.

6. Framlegg frå TP: KU s. 69 Endringsforslag område B

Da vi ikke vet om vi trenger mere masse, før Stad skipstunnel kommer, og det tilrådes utvidet massetak nært på andre siden av Sandvikseidet, foreslås det å ta ut dette området av planen.

7. Framlegg frå FRP, SP, KRF, TP: Nytt forslag, ikkje vurdert i KU

Bevare strandsona Drage-Fure mot taretråling.

8. Framlegg frå FRP: KU s. 92

Område D i Ervik bør leggest inn som mulig område for camping.

9. Framlegg frå SP, FRP, TP, KRF: Nytt forslag, ikkje vurdert i KU
Planutvalet rår å legge inn i arealplana eit større område til turisme/bevertning/overnatting på Vestkapp-plataet.
Vidare utvikling må skje i samråd med grunneigarane.

10. Framlegg frå FRP, SP: Ikkje med i KU
Innspel for Nollen, Leikanger til friluftsområde på neset.
Dette i tilknytning til sandstrand og kulturhus.
Gang- og sykkelsti vil ikkje vere til hinder for dette

11. Framlegg frå FRP: KU s. 130 Årsheim
Næringsparken tegnes inn på plankartet før arealdelen legges ut.

Endra tilråding frå administrasjonen:

Med heimel i Plan- og bygningslova § 11-14, vert forslag til revidert arealdel med planomtale, konsekvensutgreiing, plankart og føresegner lagt ut til offentleg ettersyn i 8 veker etter dato for utlegging.

Røysting:

Endra tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster. Samrøystes

Framlegg 1 fekk 1 røyst for og 6 røyster mot. Framlegget falt

Framlegg 2 fekk 6 røyster for og 1 røyst mot. Vedteke

Framlegg 3 – Habilitet: Jan Vidar Smenes gjekk frå ved røysting. Fvl. §6.
Framlegget fekk 5 røyster for og 1 røyst mot. Vedteke

Framlegg 4 fekk 6 røyster for og 1 røyst mot. Vedteke

Framlegg 5 fekk 2 røyster for og 5 røyster mot. Framlegget falt.

Framlegg 6 fekk 6 røyster for og 1 røyst mot. Vedteke

Framlegg 7 fekk 7 røyster for. Samrøystes. Vedteke

Framlegg 8 fekk 2 røyster for og 5 røyster mot. Framlegget falt.

Framlegg 9 fekk 7 røyster for. Samrøystes . Vedteke

Framlegg 10 – Habilitet: Gunn Sande gjekk frå ved røysting. Fvl. §6.
Framlegget fekk 6 røyster for. Samrøystes. Vedteke

Framlegg 11 fekk 6 røyster for og 1 røyst mot. Vedteke.

Endeleg røysting :

Endra tilråding frå administrasjonen med vedtekne framlegg fekk 7 røyster for. Samrøystes

PU-001/16 VEDTAK

Med heimel i Plan- og bygningslova § 11-14, vert forslag til revidert arealdel med planomtale, konsekvensutgreiing, plankart og føresegner lagt ut til offentleg ettersyn i 8 veker etter dato for utlegging.

Endringar vedteke i planutvalet 22.06.16 vert lagt inn i revidert plandokument før utlegging:.

Konsekvensutgreiinga:

KU s. 39 Salt, næring og småbåthavn (2)

Tiltaket tilrådest med i arealplana og leggest ut til høyring.

KU s. 63 Storevika bustadområde (Kartutsnitt Selje) (3)

Foreslår å utvide industriområdet på Reset til å omfatte B3

KU s. 66 (4)

Selje næringskai Nabbetangen. Utviding og forbetring av kaiområdet.

KU s. 69 Endringsforslag område B. (6)

Da vi ikke vet om vi trenger mere masse, før Stad skipstunnel kommer, og det tilrådes utvidet massetak nær på andre siden av Sandvikseidet, foreslås det å ta ut dette området av planen.

Nytt forslag, ikkje vurdert i KU. (7)

Bevare strandsona Drage-Fure mot taretråling.

Nytt forslag, ikkje vurdert i KU. (9)

Planutvalet rår å legge inn i arealplana eit større område til turisme/bevertning/overnatting på Vestkapp-plataet.

Vidare utvikling må skje i samråd med grunneigarane.

Ikkje med i KU. (10)

Innspel for Nollen, Leikanger til friluftsområde på neset.

Dette i tilknytning til sandstrand og kulturhus.

Gang- og sykkelsti vil ikkje vere til hinder for dette

KU s. 130 Årsheim. (11)

Næringsparken tegnes inn på plankartet før arealdelen legges ut.

Samrøystes

